



Tokke kommune
Helse- og omsorgsetaten

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref: Vår ref: Saksbeh: Arkivkode: Dato:
 2023/648-3 Ann Wraa,35 07 55 01 25.04.2023

Høyringsuttale NOU 2023:3 Tid for handling

Uttalen var behandla av Helse og sosialutvalet i Tokke kommune 18.04.23.

Rapporten gir ei god skildring over utfordringsbiletet med fleire eldre med store behov for omsorgstenester, færre til å utføra omsorgsoppgåvene og aukande sprik av forventningar og moglegheiter, utbredt bruk av deltidsstillingar, mange tilsette utan formell helse- eller sosial fageleg utdanning, samt høgt sjukefråvær og høg turnover. Beskrivinga av utfordringsbilete er ikkje noko nytt for kommunane, som over tid tydeleg har opplevd utfordringar med rekruttering av fagutdanna helsepersonell.

Tokke kommune har følgende innspel til rapporten:

Organisering av helse og omsorgstenesta

Forslag til tiltak er store tids og ressurskrevjande undersøkingar og analyser. Det er sikkert rett og nødvendig å gjennomføre slike undersøkingar, men det vil ta tid, før det ligg føre konkrete tiltak og effektar.

Oppgåvedeling

KS prosjektet Tørn er eit svært godt tiltak som vil støtte kommunane med utviklingsarbeid i stor grad, flott at kommisjonen løfter fram tiltaket og økonomisk støtte det langt fram i tid. Ei styrking av folkehelsearbeidet har kommunane venta på sidan Stortingsmelding 19 (2020 – 2021). Folkehelsemeldinga – gode liv i eit trygt samfunn, så det er på tide å få satt i verk tiltak som vil vera med på å førebyggje og utsette sjukdom. Forslaget om oppgåvefordeling mellom helsetenesta og brukarorganisasjonar er eit godt forslag, men i små kommunar strevar ein med å få på plass brukarorganisasjonar, noko som kan vera med på å hindra slike tiltak blir realistiske.

Sama utfordring gjeld for erfaringskonsulent. Styrking av generalistkompetanse i kommunane er svært viktig, Tokke kommune støttar kommisjonen sin vurdering av det.

Arbeidsforhold og arbeidstid

Mange kommunar har allereie gjennomført vellykka forsøk med årstidsplanlegging, som kan overførast til andre kommunar.

Utdanning og kompetanseutvikling

Tokke kommune støttar styrking av kompetanse og fleire av tiltaka knytt til kortare veg til autorisasjon ved utdanning i andre land og moglegheit til vidareutdanning for personale med fagbrev. Her saknar vi ei vurdering av behovet for ei kompetanseheving av personale i helse og omsorgstenesta i dag, på lik linje med kompetanseløftet som var gjennomført i utdanningssektoren. Auka støtte til kompetanseheving i kommunane ville vera eit godt kompletterande tiltak på kort sikt, for framfor alt kommunane.

Underpunkt utdanning og kompetanseutvikling fremja av helse og sosialutvalet i Tokke – Studieplassar i distrikta bør prioritere lokale studentar, jamfør nær skuleprinsippet i skuleverket.

Prioritering og reduksjon av mindre viktige og til dels uønskete tenester

Særleg viktig er forslaget til å innføre krav til utgreiing av konsekvensar og personellbehov ved innføring av nye rettigheitar og politiske reformer. Dei siste åra har regjeringa gjennom fleire reformer vore med på å auke behovet for helsepersonell i kommunane, utan å sjå på konsekvensar.

Digitalisering og teknologiske løysingar

Tokke kommune støttar auka tiltak for betre utnytting av tilgjengeleg teknologi.

Generelt

Kommisjonen kjem ikkje med konkrete forslag til løysingar, men viser heller til at det må til fleire undersøkingar, utval og utgreiingar til for å fremje konkrete forslag. Det er lite konkrete tiltak i rapporten. Konklusjonen i rapporten er at andelen sysselsett i helse- og omsorgstenesta ikkje bør auka vesentleg, men seier samstundes at det ikkje er realistisk eller ynskjeleg at kvaliteten i tenestane og omfanget senkas. Her er det foreslått store endringar i organisering og oppgåvefordeling, som på sikt kan vera med på å dempe utviklinga med aukande sysselsette i helse og omsorgstenesta.

Samhandlingsreforma har vore med på å gje kommunane eit auka ansvar for fleire pasientar, mens spesialisthelsetenesta har redusert sine tilbod i stor grad. Når kommisjonen konkluderer at andelen sysselsette i helse og omsorgstenesta ikkje bør auka vesentleg, så må ein forvente at andelen sysselsette i kommunehelsetenesta skal auke, gjennom å redusere andelen sysselsette i spesialisthelsetenesta.

Kommisjonen har i liten grad vore innom gjeldande lovverk for helse og omsorgstenestane i kommunen. Her bør ein nok vurdere om det kan vera aktuelt å sjå

på gjeldande lovverk, for å få eit klare bilete om kva som skal vera kommunen sitt ansvar og plikter i framtida.

Med helsing

Ann Wraa
Kommunalsjef HO

Kopi til:
Finn Arne Askje

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.